

Museumssenteret i Hordaland Norsk Trikotasjemuseum

Formidlar, 100% vikariat

Om stillinga

Som formidlar er du den som er med og fortel historia om tekstilindustrien til barn og unge, elever og studentar, og som bidrar til å skape gode opplevingar og læring for voksne besøkande. Du vil ta publikum med på omvisningar i fabrikkannlegget og demonstrere maskinar, og du bidrar inn planlegging og gjennomføring av arrangement.

Arbeidstid: 100 %, fortrinnsvis dagtid vekedager, men noko helge- og kveldsarbeid må pårekna.

Vi har no ledig vikariat i 100% stilling for ein av våre gode formidlarar som skal ha eit års permisjon. Vi søkjar deg som kan:

- Bidra med å drifte og utvikle formidlinga saman med formidlingsleiar og andre fagpersonar ved museet.
- Som kan vere med å gjennomføre store arrangement som Bergen strikkfestival.
- Som kan jobbe sjølvstendig og som er glad i å møte museet sitt publikum.

Kvalifikasjonskrav

- Høgare grad innan historie eller kulturvitenskap, eller pedagogisk utdanning.
- Erfaring frå formidlingsarbeid/undervisning.
- Erfaring frå målretta bruk av sosiale medier.
- Erfaring frå marknadsføring.
- Du er skrivefør og har god formidlingsevne.

Vi tilbyr

- Vi tilbyr ein spennande jobb på Bergen sitt einaste industrimuseum i ein stabil kollegagruppe kor du vil få vere med å påvirke og kome med idear og innspill til formidlinga ved museet.
- Lønn etter tariff.
- God pensjonsordning i KLP.

Spørsmål om stillinga

- Ta gjerne kontakt med Ann Kristin Ramstrøm, leiar på Norsk Trikotasjemuseum.
- Epost: annkristin.ramstrom@muho.no
- Tlf: 98867180

Om Museumssenteret i Hordaland

Stiftinga Museumssenteret i Hordaland (MuHo) driv bevaring, forskning, undervisning og formidling av kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie, migrasjon og kulturmøteproblematikk. MuHo utfører også tenester innan samlingsforvaltning

for musea i Hordaland.

MuHo består av fleire museum i Hordaland og har tre avdelingar; Norsk Trikotasjemuseum, Bevaringstenestene, og Nordhordlandsavdelinga der du finn Havrå, Osterøy museum, Lyngheiseret og Vestnorsk utvandringssenter.

Jobbnorge-ID: 167923, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut